



Til:

Kvam herad og Ullensvang kommune

Øystese, 27.04.21

Frå:

Naturvernforbundet Hordaland
Naturvernforbundet i Kvam

Kopi til: Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Mattilsynet


Uttale om oppdrettsanlegg i Samlafjorden ved Eide fjordbruk ved Mælen i Ullensvang kommune og Lingalaks ved Kvamsøy i Kvam herad

Naturvernforbundet i Kvam og Naturvernforbundet Hordaland skriv ein samla uttale til dei to søkjarane som vil ta i bruk to område som ligg svært nær kvarandre i Samlafjorden. Fyrst skriv me ei vurdering av begge planane samla. Lengre ute i uttalen tek me for oss kvar søknad.

Innleiing


Fjordlandskapet i Hardanger er rekna som noko av det vakraste og mest karakteristiske i verda. Samlafjorden der fjorden opnar seg med Samlanuten på sørsida og Kvamsøy på nordsida, skapar eit unikt landskapsbilete.

Alt i 1998 vart dette poengtert av Miljøverndepartementet i vedtaket som stoppa planane for Nord-Europas største pukkverk ved Hereiane: **«Fjordlandskapet i Hardanger vurderes både av Riksantikvaren og Direktoratet for naturforvaltning, som et av de høyest verdsatte landskapene vi har i Norge... Norge har et nasjonalt ansvar for å forvalte dette slik at verdiene knyttet til naturen, landskapet og kulturmiljøet ivaretas»**



Samlafjorden sett frå Øystese

Samlen og Hereina er begge sentrale landemerke i Samlafjorden og har mange geologiske fellestrekk. I 2002 vart Hereiane valt til tusenårsstaden i Jondal kommune. Desse vurderingane vert det også lagt vekt på i den **regionale kystsoneplanen for Sunnhordland og Hardangerfjorden** som vart vedteken i Fylkestinget i oktober 2017 og i 2020 av Kommunal- og Moderniseringsdepartementet. Dei gule merke i planen under er reiselivsanlegg med regional verdi.



Diverre er ikkje Kystsoneplanen nemnd i søknadane frå Eide fjordbruk og Lingalaks og heller ikkje i følgjebrevet frå Vestland fylkeskommune til Ullensvang og Kvam herad.


Naturvernforbundet meiner dette er ein elementær mangel i søknadane.

Dei to oppdrettsanlegga er søkt plassert på kvar side av Samlafjorden der fjorden er på det smalaste. Eide fjordbruk nemner ikkje Lingalaks og Lingalaks nemner ikkje Eide fjordbruk sine planar. I oversendingsbrev fra Vestland fylkeskommune vert heller ikkje denne situasjonen nemnt. I søknadane og breva frå fylkeskommunen vert det heller ikkje nemnt eller vurdert den korte avstanden mellom dei to anlegga og verknaden etableringa av to store oppdrettsindustriområde vil ha på fjorden og landskapet.

Naturvernforbundet meiner dette er ein mangel i søknadane.

Fylkeskommunen sin merknad i brevet til kommunane og til alle som vil uttala seg om søknadane, er: **«Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn».**

Naturvernforbundet er usamd i denne vurderinga. Det er upassande at fylkeskommunen alt før høyringsrunden startar, konkluderer om miljødokumentasjonen. Vanlegvis ynskjer overordna myndigheit nettopp ei generell høyring for å avdekke alle sider ved saka. Her har dei alt konkludert utan argumentasjon og sender signala vidare til alle involverte. Sett i eit forvaltningsperspektiv er dette problematisk!



Figur frå «Regional kystsoneplan» som visar regionalt utvalte område for friluftsliv

Den regionale kystsoneplanen og det kommunale plangrunnlaget

I den regionale kystsoneplanen sitt temakart og omtale av friluftsliv, pkt 3.5., er strekninga frå frå Aksnes til og med Fyksesund, inkludert Kvamsøy, og heile strekninga frå Herand og rundt Samlaneset skravert som «utvalde regionale friluftsområde». På same vis gjeld det pkt 3.7 Regionalt viktige



område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne. På strekninga frå Aksnes til og med Fykkesund har «landskapet stor verdi».

Naturvernforbundet meiner det er rett å vurdere fjorden (utan kommunegrense) og landskapet på begge sider av fjorden som eitt. Den smalaste delen av Samlafjorden er unik der Samlanuten kneisar nær Kvamsøy. Landskapet her har nasjonale verdiar som Miljøverndepartementet dokumenterte i 1998.



Samlen og Kvamsøy sett frå Oksen (1241 moh)

I Samlafjorden er Hardangerfjorden på det djupaste; livet i fjorden er lite kartlagt. Begge søknadane gjeld løyve til å etablera anlegg i område som er sett av til akvakultur i kommuneplanen: I tidlegare Jondal (utfør Mælen) og i Kvam (utafor Kvamsøy). Då den regionale planen vart laga, var det alt plassert eit område for oppdrett utafør Mælen, i tidlegare Jondal kommune sin kommuneplan, vedteken 19.12. 2012.

No er Ullensvang i gang med ein ny arealplan. Tida er moden for ein ny plan, bakgrunnsmateriale for planen som gjeld, er meir enn 10 år gammalt. I påvente av ein ny plan, meiner naturvernforbundet at den omsøkte etableringa ved Mælen må avslåast eller utsetjast for å få oppdaterte faglege vurderingar.

Då Kvam herad vedtok arealdelen til kommuneplanen i 2019, var det mykje strid om plassering av området for oppdrett utafør Kvamsøy. Naturvernforbundet understreka at store deler av Kvamsøy er kommunal eigedom. Heradet fekk tilskot frå Miljøverndepartementet for at øya skulle disponerast til friluftsføremål, Eit oppdrettsanlegg ved øya vil gjera det vanskeleg å nytta området rundt øya til fiske og båtliv. Kvamsøy er den største øya i Hardangerfjorden innafor Varaldsøy.

Til slutt vart området vedteke med éi røyst overvekt i heradsstyret. På den tid låg den regionale planen til godkjenning i kommunaldepartementet og vart lite og ikkje teke omsyn til både i heradet, hos fylkeskommunen og fylkesmannen. At det var lagt ut eit område for oppdrett ved Mælen i kommuneplanen for Jondal vart heller ikkje nemnt i arbeidet med kommuneplanen for Kvam.

Søknadar om å etablera anlegg i område som er godkjende i arealdelen i kommuneplanen, har politikarane i fylkeskommunen delegert til administrasjonen ved "Innovasjon og næringsutvikling".



Det er Ullensvang kommune og Kvam herad som legg søknadane ut til høyring, der også mellom andre statsforvaltaren og mattilsynet skal koma med innspel. Når det er dårleg med bakgrunnsmateriale som i desse sakene, er det store fare for at dei som bør uttala seg, ikkje får med seg samanheng.

Ein ny, oppdatert regional plan for Hardangerfjorden

I denne samanheng er det verdt å nemna at Eide fjordbruk og Lingalaks har kjøpt den nedlagde ferjekaien i Bruravik i Ulvik herad. Til avisa Hordaland vert det sagt at målet er å etablera anlegg for lukka oppdrett med utgangspunkt i dette området. Den regionale planen går til dei gamle grensene mellom Jondal og Ullensvang og grensa mellom Kvam og Granvin på den andre sida. Når oppdrettsindustrien kjøper opp område i indre deler av fjorden med tanke på bruk av lukka anlegg, viser det at det trengst ein overordna plan med oppdatert kunnskap for vern og bruk av fjorden.

Saka stadfestar at kommunegrensene er eit hinder for få oversyn og forvalta vern og bruk av allmenningen, Hardangerfjorden. Når det vert søkt om etablering av oppdrettsindustri i eit nytt område, må verknaden utgreiast betydeleg betre. Det er ikkje nemnt at dei omsøkte industriområda ligg omlag 2 km frå kvarandre. Det vert opplyst at kvart anlegg tek i bruk 80-90 dekar, i tillegg kjem område med ferdsels- og fiskereguleringar. Ut frå opplysningane i dei to søknadane kan me rekna oss til at oppdrettsindustrien direkte vil ta i bruk om lag 170 dekar av Samlafjorden. Det vert restriksjonar på ferdsel og fiske i eit område på omlag 500 dekar.

Det er heller ikkje diskutert utslepp av avfall og nærings salt, støy, lyssetjing eller straumforsyninga, eller storleik og utforming av flåte med bygningsmasse. Samanlikna med industriutbygging på land, ser det ut til å vera heilt andre krav her! Søkjarane opplyser ikkje kor mykje produksjonen vil ureina. Når det gjeld utslepp av avfall og nærings salt, må me rekna oss fram til dette. Dersom den årlege produksjonen i dei to anlegga er på omlag 4000 tonn og det forventa forforbruket er på 4800 tonn, vil det etter dei vanlege berekningane frå Havforskningsinstituttet sleppast ut ca 2000 tonn fiskemøk og fôrspill per år.

Hardangerfjorden og Sognefjorden er blant dei lengste fjordane i verda. Den grunne terskelen mot havet og den største djupna på omlag 900 meter i Samlafjorden gjer området til ein unik naturtype og biotop som manglar kartlegging.



Samlafjorden sett innover frå Krokavatnet over Vikøy



Naturvernforbundet meiner at det må gjerast ein grundigare konsekvensanalyse av verknaden av dei to anlegga samla sett. Det gjeld verknad av utslepp på miljøet i fjorden, fisk og annan fauna. I tillegg verknad på landskap, natur og friluftsliv.

Samlafjorden har mest blålange i landet

I fylgje Torstein Halstensen som driv med fiskeregistrering og artsforskning for Havforskningsinstituttet er Samlafjorden den staden i Noreg som har størst bestand av blålange (Molva dypterygia), Fisken brukar Samlafjorden for å gyta, den er sterkt trua og er i ferd med å forsvinna.

I artsdatabanken er blålange raudlista. I fylgje skildringa i artsdatabanken samlar blålanga seg på gyteplassane. Det gjer at fiskestamma vert sterkt påverka av miljøtilhøva. Det direkte fisket på arten tok slutt i 2009 og har vore forbode sidan. Halstensen kan dokumentera at arten også er i sterk tilbakegang i Samlafjorden.

Blålange vert nemnt i notatet frå Rådgivende biologer i søknaden frå Eide fjordbruk. I firmaet Åkerblå si undersøking «Behovsvurdering for KU – Ytre Samlen» er det vist til registrert gyte-, oppvekst- og beiteområde for blålange. Ingen av utgreiingane nemner at blålange er ein kritisk truga art som er på raudlista eller korleis oppdrettsindustrien vil påverke fisken og gyteområda over tid.

I fylgje Halstensen har fjorden også vore eit viktig gyte- og oppvekstområde for kveite. Kanskje er det framleis slik. I tilfelle må området kartleggast og ikkje verta øydelagt.

Naturvernforbundet meiner at Samlafjorden ut frå «føre var»-prinsippet må kartleggjast mykje nøyare. Området er som nemnt det djupaste partiet av Hardangerfjorden og dermed ein unik biotop i verda og livet på ulike djup i fjorden er lite kjent. Det er god grunn til å kartleggja alt dyreliv og alle fiskearter som brukar Samlafjorden heile eller deler av året.

Oppdrettsfôr med kvikksølv

Fisk og skjell som lever i Samlafjorden viser seg å ha så mykje kvikksølv i seg at fisken ikkje vert tilrådd som mat. Det gjeld mellom anna brosme, lange og kveite. Undersøking av fisken i Hardangerfjorden er med i eit stort internasjonalt forskingsarbeid som Havforskningsinstituttet er del av.

Det finst spor av kvikksølv i fiskefôr. I Havforskningsinstituttet sitt Program for overvaking av fiskefôr vert innhaldet av tungmetall rapportert. Dei siste tala frå 2019 viser at «fullfôr» inneheldt i gjennomsnitt 0,02 mg og opp til 0,07 mg kvikksølv pr kilo fullfôr. Det oversteig ikkje den øvre grensa på 0,2 mg/kg. Det er ikkje opplyst kor mykje kvikksølv som går ut med avføring og avfall eller korleis tungmetallane flyttar seg i vass-massane. Naturvernforbundet er kritisk til nye utslepp av kvikksølv i fjorden, når det alt er kosthaldsråd og ikkje tilrådd å eta fisk som brosme og lange.



Ureining frå oppdrett i høve til EU sitt vassdirektiv

Verken søkjarane eller fylkeskommunen har vurdert utsleppa frå oppdrettsindustrien i høve til EU sitt vassdirektiv. Naturvernforbundet reknar med at ansvarlege myndigheiter gjer slike vurderingar i høyringsrunden.

Eit av hovudpunkta i vassdirektivet er at tilhøve som forverrar vassmiljøet ikkje skal halda fram eller setjast i gang. Når oppdrettsindustrien tek i bruk nye område med opne merdar vert vassmiljøet i det nye området forverra.

Diverre vert ikkje EU sitt vassdirektiv godt nok fylgt opp i den norske vassforskrifta. Vestland fylkeskommune har no ein plan for vassforvaltning på høyring. I det framlegget vert det sagt at planen skal byggja på vassdirektivet til EU.

Naturvernforbundet ber om at planane for oppdrett i Samlafjorden vert vurdert i høve til både den nasjonale vassforskrifta og EU sitt vassdirektiv.

Ut frå det som er nemnt ovafor, meiner Naturvernforbundet i Kvam og Naturvernforbundet Hordaland at søknadane frå Eide fjordbruk og Lingalaks må sjåast i samanheng. Berre ut frå det som er dokumentert ovafor og som me peikar på vidare i uttalen, meiner Naturvernforbundet at det er gode grunnar for å avslå begge søknadane slik dei ligg føre. Eit anna alternativ kan vera å utsetja avgjerda til det er laga ein ny arealplan for Ullensvang og ein regional kystsoneplan for heile Hardangerfjorden. Uansett meiner me at den samla verknaden av dei to tiltaka vil ha vesentleg verknad for miljø og samfunn og må konsekvensutgreiast. Naturvernforbundet oppmodar om at denne prinsippasaka vert handsama politisk i fylkeskommunen.

Eide fjordbruk ved Mælen i Ullensvang

Eide fjordbruk søker om å etablere eit oppdrettsanlegg på 200x400 meter, 80 dekar, minst 400 meter frå land. Det vil seia at eit slikt industriområde alt etter korleis det vert plassert, vil påverka fjorden i eit område frå stranda og minst 800 meter ut i fjorden. I fylgje Akvakulturdriftsforskrifta er det forbode å fiska nærare enn 100 meter og opphalda seg



nærare enn 20 meter frå anlegget. Rundt rekna vert det ulovleg å fiska frå båt i eit område på 250 dekar.

I søknaden frå Eide fjordbruk vert det sagt at dei skal ha eit «lukka anlegg» med ein tillaten biomasse på inntil 3600 tonn. At anlegget er «lukka» skal verna fisken mot lakselus og hindra rømming, som er viktig for fiskehelsa og villfisken. Hjartnes i Eide fjordbruk stadfesta på telefon at alt fôrspill og fiskemøk kjem til å gå i fjorden. Kor store utsleppa vert, er ikkje talfesta.

I eit «lukka anlegg» skal reint sjøvatn pumpast inn i anlegget frå «djupare vasslag». I søknaden er det ikkje nemnt noko om støyen frå slike pumper. Det er heller ikkje sagt noko om energibruken eller om energien skal produserast av aggregat eller om det skal vera straumkabel frå land. Det er ikkje laga teikningar eller modellar av kor mykje anlegget vil ruva i fjorden eller kor mykje lys som trengst på anlegget og korleis desse lysa skal plasserast på det 80 dekar store industriområdet. Det er i alle høve heilt sikkert at anlegget vert svært synleg på fjorden og at lysa i seg sjølv vert ei ureining.

Naturvernforbundet meiner difor det trengst ei konsekvensutgreiing etter plan- og bygningsloven for heile anlegget på sjøen og eventuelle tiltak på land.

Vidare ynskjer me opplyst om Eide Fjordbruk flyttar biomasse frå eit anna anlegg i Hardanger, sidan det er «gult lys» i Hardanger

Det lokale plangrunnlaget i Ullensvang

Den nye Ullensvang kommune har ingen felles kommuneplan med arealdel. Tidlegare Jondal kommune har ein arealdel for perioden 2012 – 2022, vedteken 19.12.2012. Det omsøkte oppdrettsområdet er med i den planen. Bakgrunns materialet for denne planen er samla inn og vurdert for omlag 10 år sidan og tidlegare. Tida må vera moden for ein ny plan med oppdaterte faglege vurderingar også når det gjeld fiskeoppdrett. Etter at samfunnsdelen i kommuneplanen for Ullensvang vart vedteken nyleg, kjem kommunen i gang med arealdelen. At arbeidet med ein ny kommuneplan er i gang, **bør vera ein god grunn til å utsetja etableringa utafor Mælen**. Med den utviklinga som finst i oppdrettsnæringa og ny kunnskap om naturverdier i og langs fjorden, er det godt mogeleg at planen konkluderer med at Samlafjorden skal vera oppdrettsfri.

Kommentar til notat frå Rådgivende biologer 15.01.2021

I tittelen på notatet vert det vist til «Melen, Kvinnherad kommune». Kommunenamnet må vel vera ei trykkfeil. Rådgivende biologer registrer at havbotnfaunen er arts- og individrik fleire stader, side 6. Det er også fleire korallarter, både sjeldne, til dømes raudlistarten kjøtkorall og bambuskorall, og meir vanlege. Det vert nemnt fiskeartar som blålange, brosme, smørfllyndre, lusuer og pigghå.

Rådgivende biologer skriv på side 10 at den største påverknadskjelda for djupvasskorallar er partikulert organisk materiale frå fiskefor og fiskeavføring utan at eit eventuelt utslepp frå det lukka anlegget vert talfesta eller vurdert.



Konklusjonen frå naturvernforbundet: Ut frå resultatet i registreringane til Rådgivende biologer er det god grunn til å meina at det omsøkte anlegget, kan koma til å gjera stor skade på den varierte og artsrike botnfaunaen. Etter «føre var prinsippet» må det gjerast mykje grundigare undersøkingar av naturmangfaldet i dette området og i resten av Samlafjorden før det kan gjevast løyve til oppdrett.

Lingalaks sin søknad om oppdrettsanlegg ved Kvamsøy i Kvam

I søknaden frå Lingalaks er det sagt at sjølve industriområdet er på 90 dekar. På kartskissene og i søknaden vert det vist til åtte bur fordelt på to rekkjer, ein flåte på 10 dekar med og ein samla biomasse på 2060 tonn.

Det undrar oss at ålmenta og styresmaktene som skal gje løyve, ikkje får vita meir om korleis anlegget er planlagt og skal sjå ut. I lokalavisa har Kristian Botnen i Lingalaks fortalt at dei kanskje vil laga eit visningsanlegg som vert ein attraksjon i seg sjølv. Det vert ikkje nemnt i søknaden.

I søknadsbrevet frå Lingalaks datert 2. mars 2021 vert det skrive at anlegget ved Kvamsøy ikkje fører til auka produksjon. Biomassane frå lokalitetane Rossholm (500 tonn) og Djupvik (1560 tonn) skal flyttast til Kvamsøy.



I firmaet Åkerblå sin rapport «Behovsvurdering for KU – Ytre Samlen» vert det skrive at det skal produserast matfisk med MTB 3120 tonn. Slike sprikjande opplysningar er lite tillitvekkande, sjølv om Anita Stevnebø i Lingalaks på telefon stadfestar at det rette talet er 2160 tonn.

I søknaden frå Lingalaks vert det nemnt at firmaet Åkerblå har gjennomført ei naturtypekartlegging i området knytt til Ytre Samlen. Det er ein viktig mangel at den rapporten ikkje fylgjer søknaden. Naturvernforbundet reknar med at den rapporten vert kunngjort på liknande måte som resten av søknaden. For at tiltaket og industriområdet sin verknad på landskap, natur, miljø og friluftsliv kan vurderast godt nok, må det lagast ei mykje grundigare utgreiing når det gjeld utforming, høgde på byggverk, energiforsyning og trafikk til og frå området.

Plangrunnlaget i Kvam

Me viser til omtalen av begge søknadane. Då arealdelen i kommuneplanen for Kvam vart vedteken i oktober 2019 med ei stemme overvekt, var det etter mykje strid om oppdrettsområde ved Kvamsøy. Utanom arealet ved Kvamsøy, vart område for oppdrett i Kvam utvida med kring 50 prosent i høve til tidlegare plan. Retningslinjene frå sentrale styresmakter gir heller ikkje høve til utviding av produksjonen i Hardangerfjorden.

I konsekvensutgreiinga frå ABO arkitekter hadde Kvamsøy og området kring høgare verdiar for natur, landskap og friluftsliv enn alle andre område som vart vurdert og seinare lagt ut til oppdrett. Som nemnt er området frå Aksnes til Fykkesund, inkludert Kvamsøy, vurdert til å ha høge verdiar for friluftsliv, natur og landskap i den regionale kystsoneplanen for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Den planen vart stadfesta i departementet for eit år sidan. I ordskiftet om oppdrettsområde ved Kvamsøy, var det ikkje nemnt at det alt var lagt ut eit område i Mælsvika på andre sida av fjorden.

I søknaden frå Lingalaks er det ikkje sagt noko om konsekvensane av den den auka båttrafikken frå Øystese til visningsanlegget ved Kvamsøy. Det er heller ikkje nemnt kor mange gjester ein reknar med å få. I søknaden vert det opplyst at visningsanlegget ved Rossholm årleg har omlag 11000 gjester og at dei reknar med auke.

Undersøkingar gjort av firmaet Åkerblå

Samandraget i «Behovsvurdering for KU – Ytre Samlen» viser til korallforekomstar og viser igjen til ei nøyare visuell undersøking som ikkje er lagt fram enno. Åkerblå skriv at ein ikkje kan utelukka at det finst sårbare arter og naturtypar (som korellrev og korallskog) nær tiltaksområdet. Dei skriv vidare at «korallforekomster innenfor 1 km radius fra oppdrettslokalteter vil kunne få en negativ påvirkning fra drift av lokaliteten».

I «C-undersøkelse for Ytre Samlen» vert det konkludert med at «undersøkelsen viser svært gode faunaforhold der samtlige stasjoner hadde et høyt arts- og individantall. I hele området dominerte forurensingssensitive og-nøytrale arter som bekrefter de gode faunaforholdene».

Naturvernforbundet meiner at slam og avfall frå oppdrettsanlegg kan koma til å ha svært negativ verknad på mellom anna koralldyr, annan fauna og oppvekst- og leveområde for annan fisk. Avstanden mellom dei omsøkte anlegga i Samlafjorden er kring 2 km. Naturvernforbundet meiner at dette vil seia at oppdrettsaktiviteten over tid kan påverka korallane som finst i fjordtverrsnittet mellom Samlen og Kvamsøy. Korallskogane er viktige oppvekstområde for fisk og anna dyreliv i fjorden. Naturvernforbundet meiner at ein ikkje kan ta sjansen på at slike viktig biotopar vert forringa og i verste fall øydelagde.



Oppsummering

Naturvernforbundet i Kvam og Naturvernforbundet Hordaland meiner at søknadane frå Eide fjordbruk og Lingalaks må sjåast i samanheng. Ut frå det som er dokumentert ovafor, meiner me det er gode grunnar for å avslå begge søknadane slik dei ligg føre. Eit anna alternativ kan vera å utsetja avgjerda til det er laga ein ny arealplan for Ullensvang og ein regional kystsoneplan for heile Hardangerfjorden.

Uansett meiner me at den samla verknaden av dei to tiltaka vil ha vesentleg verknad for miljø og samfunn og må konsekvensutgreiast når det gjeld verknad av utslepp på miljøet i fjorden, fisk og annan fauna. I tillegg verknad på landskap, natur og friluftsliv.

Naturvernforbundet oppmodar om at denne prinsippssaka vert handsama politisk i fylkeskommunen.

Naturvernforbundet Hordaland
Synnøve Kvamme
Fylkessekretær

Naturvernforbundet i Kvam
Klaus Rasmussen
Leiar